

MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 13.10.2016

Tid: kl.21:05 - 21:33

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.
Saklista vart gjort tilgjengeleg elektronisk 12.10 og 13.10.2016

Desse medlemene møtte:	Parti
Anne-Grete Gjerdevik	Ap
Atle Kvåle	Ap
Hans Ekeberg	Ap
Magne Djuvik	Frp
Aud-May Boge	H
Bjarte Samnøy	Krf
Margunn Yndestad Samnøy	Sp
Mikal Leigland	Sp

Forfall	Parti	Møtande varamedlemmer	Parti
Svein Lang	Sp	Peter - Hans de Zwarte	Sp

Møtenotat:

Inhabilitet:

Bjarte Samnøy, Krf, var inhabil i sak 71/16. Toralv Huse, Krf, møtte som vararepresentant.

Margunn Y. Samnøy, Sp, var inhabil i sak 71/16. Lars Erik Dalland, H, møtte som vararepresentant.

Aud May Boge, H, var inhabil i sak 71/16. Jan Birger Landøy, Sp, møtte som vararepresentant.

Andre som var tilstades på møtet:

Konstituert rådmann Elisabeth Farstad

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Einingsleiar samfunnsutvikling, økonomi og service Terje Raunsgard

Ordførar Atle Kvåle, Ap, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 14.10.2016

Atle Kvåle
Ordfører

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
070/2016	Godkjenning av møteprotokoll
071/2016	Tilskot til kartlegging av naturmangfald

070/2016: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå møte 28.09.2016 vert godkjent.

Formannskapet 13.10.2016:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR- 070/2016 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 28.09.2016 vert godkjent.

071/2016: Tilskot til kartlegging av naturmangfald

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvt inntil kr 50 000.- ekskl. mva til dekking av kartlegging av naturmangfald i samband med etablering av tømmerkai med tilhøyrande veg på Holmefjord.

Utgifta vert dekkja av næringsfondet konto 1.1022.3251.14702

Formannskapet 13.10.2016:

Handsaming:

Bjarte Samnøy, Krf, er grunneigar og stilte difor spørsmål om han var inhabil. Han gjekk frå, og Toralv Huse tok plass som vararepresentant.

Margunn Y. Samnøy, Sp, er gift med grunneigar og stilte difor spørsmål om ho var inhabil. Ho gjekk frå, og Lars Erik Dalland tok plass som vararepresentant.

Aud May Boge, Sp, er søster til Margunn Y. Samnøy. Aud May Boge og mannen er grunneigar på anna område som har vore aktuelt til tømmerkai. Ho stilte difor spørsmål om ho var inhabil. Ho gjekk frå, og Jan Birger Landøy tok plass som vararepresentant.

Bjarte Samnøy vart samrøystes kjend inhabil. Margunn Y. Samnøy vart samrøystes kjend inhabil. Aud May Boge vart samrøystes kjend inhabil.

Jf. kommunelova § 40 nr 3 og forvaltningslova §6 1. og 2. ledd.

E-post frå grunneigarar av 13.10.2016 vart delt ut i møtet.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR- 071/2016 Vedtak:

Det vert løyvt inntil kr 50 000.- ekskl. mva til dekking av kartlegging av naturmangfald i samband med etablering av tømmerkai med tilhøyrande veg på Holmefjord.

Utgifta vert dekkja av næringsfondet konto 1.1022.3251.14702